



Espevoll Næringsområde

Moglegheiter for di verksemd



Innhald

3. Introduksjon

4-7. Område og plassering

8. Infrastruktur og tjenester

9. Fleksible byggemoglegheiter

10. Status per mars, 2025

11. Kontaktinformasjon

*Digitalt prospekt er tilgjengeleg for nedlasting på Espevoll.no.
Den digitale utgaven vert jamnleg oppdatert i takt med utviklinga på næringsområdet.



Introduksjon

Espevoll Næringsområde er strategisk plassert i hjartet av regionen, med enkel tilgang til hovudveggar og transportknutepunkt.

Med sitt store areal og moderne infrastruktur tilbyr Espevoll fleksible løysingar for verksemder som ønskjer å etablere seg i eit dynamisk og framtidsretta miljø.

Det som gjer Espevoll unikt, er kombinasjonen av nærleik til viktige marknadssentre og umiddelbar nærleik til E16, som er hovudfartsåra til Bergen.

Her kan både små og store bedrifter finne optimale vilkår for vekst, med tilgang til moderne fasilitetar og eit næringsvennleg klima.

Hovudfordelane ved å etablere seg på Espevoll inkluderer:

- Fleksible tomter tilpassa ulike typar verksemder.
- Strategisk plassering med enkel tilgong til transport og logistikknettverk.
- Lite eller ingen kø-problematikk
- Ingen bompenger
- Næringsvenleg kommune
- Eit utviklingsorientert næringsmiljø som legg til rette for vekst og samarbeid.
- Det kommande K5-prosjektet mellom Arna og Stanghelle, eit av Noregs største samferdselsprosjekt, vil bidra til stort potensiale for ulike leverandørar med 10-12 års byggetid.

Område og plassering

Når det kjem til storleik, tilbyr Espevoll Næringsområde heile 312 dekar netto byggbart areal for tilrettelegging av ulike typar verksemder.

Den fleksible tomtestrukturen gjer det mogleg for både små og store bedrifter å finne plass til utvikling og vekst, tilpassa dei spesifikke behova deira.


Området er godt tilknytt kritisk infrastruktur for transport og logistikk, og ligg strategisk plassert med berre seks minutt køyring frå E16 og kort avstand til sentrale knutepunkt som Arna og Bergen.

E16 er ei av hovudfartsårene i Noreg, som sikrar effektiv transport mellom aust og vest.



Med kort avstand til nærliggjande hamner, jernbanenettverk og flyplass, kan varer flyttast effektivt mellom ulike transportmidlar.

Dette er særleg viktig for verksemder som er avhengige av rask og påliteleg vareflyt.







Infrastruktur og tjenester

Området er utstyrt med vegnett, vatn- og avløpssystem, straumforsyning, og fiberoptisk breiband, som sikrar effektive logistiske operasjonar, og eit trygt og påliteleg driftsmiljø.



Fleksible byggemoglegheiter

Espevoll Næringsområde er tilrettelagt for eit breitt spekter av verksemder, med rom for både små og store etableringar; enten du treng produksjonslokale, lager, kontor eller kombinasjonsbygg.



Ein av dei unike fordelane med Espevoll er den høge utnyttingsgraden på heile 80 % bebyggt areal, og ei gesimshøgde på opptil 18 meter!

Dette er sjeldan og gir verksemder moglegheit til å bygge høge og romslege bygg, særleg gunstig for lager, logistikk eller industri som krev stor takhøgde for maskiner.

Den fleksible utforminga av tomtene gjer at du kan tilpasse arealet til dei spesifikke behova verksemda di har, og du har moglegheit til å utvide etter kvart som bedrifta veks.

Status per mars, 2025

Den første etableringa er på plass.

Norengros K.J. Brusdal AS flyttar inn i sitt store lager- og kontorbygg på over 10 000 m² i mars.

Hovud-infrastrukturen for vatn, avløp, straum og fiber er etablert. Hovudvegen med fortau har fått asfalt og veglys.

Store område er i tillegg planerte og klare for bruk.

Det er inngått intensjonsavtalar om fleire etableringar, og det er dialog med fleire interesserte.



Kvifor velje Espevoll Næringsområde?

Espevoll Næringsområde gir di verksemd ein solid plattform for framtidig vekst i eit attraktivt og velutvikla område:

- ➔ Strategisk plassering nær viktige transportknutepunkt
- ➔ Moderne infrastruktur
- ➔ Fleksible byggjemoglegheiter

Ynskjer du meir informasjon?

Ta kontakt - vi hjelper deg med å finne dei rette løysingane for di verksemd!



Nils Sjerping
Prosjektleder
M: +47 977 39 750
[nils.skjerping@romarheim.no](mailto:nilskjerping@romarheim.no)

www.espevoll.no

Romarheim Entreprenør er hovudentreprenør for prosjektet **Espevoll Næringsområde** som blir utvikla på Osterøy.

Første tomt på området blei seld i april, 2024, til Norengros K.J. Brusdal AS som no har etablert sitt nye Logistikkbygg her.

Det kommande **K5-prosjektet** mellom Arna og Stanghelle, eit av Noregs største samferdselsprosjekt, vil bidra til auka aktivitet rundt Espevoll-området.

Dette gigantprosjektet har planlagt oppstart i 2025, med ei byggetid på 10-12 år.

Digitalt prospekt er tilgjengeleg for nedlasting på vår nettside, [Espevoll.no](https://www.espevoll.no). Den digitale utgaven vert jamnleg oppdatert i takt med utviklinga på næringsområdet.